

Utval: Ungdommens fylkesutval
Møtestad: Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5
Dato: 02.06.2017
Tidspunkt: 17:00 – 19:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Håkon Kongsvik	Leiar	
Martin V. Jonsterhaug	Nestleiar	
Silje Nordal	Medlem	
Anna Elisabeth Sunde	Medlem	
Sigrid Farestveit Neset	Medlem	
Vegard Kleppe	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Jens Hestnes Andersen	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Marius Hellan Hindenes		Jens Hestnes Andersen
Julie H. V. Langum		
Roland Fredriksen		

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Andreas Skretting Jansen	Førstekonsulent

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 47/17	Godkjenning av innkalling		
PS 48/17	Godkjenning av saksliste		
PS 49/17	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 50/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 5/17	Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017/2777	
PS 51/17	Vidare oppfølging av Nettverkssamlinga 2017	2017/2777	
PS 52/17	Oppfølging av ungdommens planprogram	2017/2777	
PS 53/17	Ymse		

PS 47/17 Godkjenning av innkalling

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 02.06.2017

Vedtak

Innkallinga vart godkjent med slik merknad:
Innkallinga burde vore sendt ut seinast ei veke før møtet.

PS 48/17 Godkjenning av saksliste

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 02.06.2017

Vedtak

Sakslista vart godkjent utan merknader

PS 49/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 02.06.2017

Vedtak

Møteboka frå ungdommens fylkesutval 05.05.17 vart godkjent utan merknader.

PS 50/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 02.06.2017

Vedtak

Hordaland Fylkeskommune si «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft» vart teke til orientering.

RS 5/17 Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

PS 51/17 Vidare oppfølging av Nettverkssamlinga 2017

Forslag til vedtak

Det vert ikkje fremma forslag til vedtak i saka

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 02.06.2017

Utvalet diskuterte vidare arbeid med Nettverkssamlinga 2017. Medlemmane kom med innspel til hotell for møtet. Tema for konferansen var også diskutert.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vil at Nettverkssamlinga 2017 vert arrangert i Kokstad/Flesland-området. Ungdommens fylkesutval vil at Nettverkssamlinga 2017 har framtid i Hordaland som overordna tema. Ungdommens fylkesutval vil at dei andre fylkeskommunale medverkingsorganene for ungdom får invitasjon til deltaking på Nettverkssamlinga 2017.

PS 52/17 Oppfølging av ungdommens planprogram

Forslag til vedtak

Det vert ikkje fremma forslag til vedtak i saka.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 02.06.2017

Utvalet diskuterte framgang for arbeidet med Ungdommens planprogram 2017. Mykje er gjort, men utvalet fremma ønske om ein grundigare oversikt over punkta i planprogrammet og framgangen for kvart punkt.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å gjennomgå Ungdommens planprogram 2017 i detalj ved neste utvalsmøte.

PS 53/17 Ymse

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 02.06.2017

Martin Jonsterhaug orienterte om arbeidet i ANMU. Det er blitt utarbeida ei tekst som arbeidsgruppa for ANMU ønsker at alle fylkesregionale medverkingsorgan for ungdom stiller seg bak. Det er også eit ønske at barne- og ungdomsorganane prøver å få sine respektive fylkesting til å stille seg bak intensjonen.

Håkon Kongsvik orienterte om arbeidet med Ungdomspolitisk utval frå Sogn og Fjordane. Det planleggast at representantar frå Ungdomspolitisk utval møter Ungdommens fylkesutval til eit dialogmøte i forkant av Nettverkssamlinga 2017.

Martin Jonsterhaug orienterte om føreståande møte i Trafikksikringsutvalet. Representanten fremma ønske om at utvalet skal ta kontakt med dei kommunale ungdomsråda i Hordaland, for å få innspel til vegstrekningar ungdom i Hordaland ønsker å prioritere.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å stille seg bak arbeidet for opprettinga av eit Nasjonalt Medverkingsorgan for Ungdom.

Ungdommens fylkesutval vil be Hordaland fylkesting om å stille seg bak arbeidet for opprettinga av ANMU

Ungdommens fylkesutval ber om at det sendast ut brev til dei kommunale ungdomsråda i fylket, for å få innspel til trafikkfarlige vegstrekningar i fylket.